



EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Parteigarane i Austevoll Kraftlag SA vert med dette kalla inn til ekstraordinært årsmøte måndag 25.juni 2018 kl 16.00 på Kraftlaget sitt kontor.

Følgjande saker skal handsamast:

- 1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.**
- 2. Val av møteleiar og 2 personar til å medunderteikna protokollen.**
- 3. 2.gongs handsaming av føremålsparagraf vedtatt einstemmig på ordinært årsmøte**

Innkallinga vert send til alle parteigarar via e-post og saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på Austevoll Kraftlag si heimeside www.aksa.no.

Registrering av møtande parteigarar vil starta kl. 15.30.

Bekkjarvik, den 11.06.2018.

**Grethe Drønen Ringdal
styreleiar**

**Sak 10/18 2.GONGS HANDSAMING AV FØREMÅLSPARAGRAF
VEDTATT EINSTEMMIG PÅ ORDINÆRT ÅRSMØTE**

Merknad:

Bakgrunn:

Austevoll Kraftlag SA må endre vedtektene slik at nettdrift kan skiljast ut i eige selskap. I samband med det, la styret fram forslag til reviderte vedtekter i årsmøte 7.juni 2018.

Årsmøtet i Austevoll Kraftlag SA gjorde fylgjande einstemmige vedtak:

1. Vedtektene i Austevoll Kraftlag SA vert endra slik dei er lagd fram for Årsmøtet.
2. Årsmøtet vedtar å opprette Austevoll Kraftlag Nett AS
3. Årsmøtet tar til etterretning styrets intensjon om å drive vidare som integrert selskap

Om endringar i føremål, seier gjeldande vedtekter, §13 – Vedtektsendring :

«Årsmøtet kan vedta endringar i vedtektene med 2/3 av dei røystene som vert gitt. Endringar i føremålet krev at endringane vert vedteken på to etterfølgjande årsmøte med minst 4/5 av dei avgitte røystene.»

Styrets forslag til reviderte vedtekter omfattar også endringar i føremålet til Austevoll Kraftlag SA. Styret legg derfor fram forslag til endring av føremålsparagraf til 2. gongs handsaming:

Gjeldande føremålsparagraf:

Føremål.

Austevoll Kraftlag SA er eit almennyttig partlag med skiftande parteigartal og kapital.

Austevoll Kraftlag SA skal:

- eiga, byggja og drive energiforsyning i Austevoll kommune
- omsetje energi

Austevoll Kraftlag SA kan:

- drive, eiga, eller samarbeida med andre verksemdar med naturleg tilknytning til føremålet

*eller som gjer ei betre utnytting av laget sine ressursar .
- delta i utvikling og ivaretaking av felles samfunnstiltak i
konsesjonsområdet, samt gi gåver til ålmennyttige føremål.*

Ny føremålsparagraf einstemmig vedteke av årsmøte 7.juni 2018:

Føremål.

Føremålet til Kraftlaget er å fremja interessene til parteigarane. Dette kan oppnåast ved at Kraftlaget i eigenregi eller gjennom å delta i andre selskap eller i samarbeid med andre, produserer, distribuerer eller omset enregi, eller driv verksemd som har naturleg tilknytning til slik verksemd, eller som gjer ei betre utnytting av laget sine ressursar .

Kraftlaget skal vera ei konkurransedyktig og lønsam verksemd.

Overskotet skal primært nyttast til vidareutvikling av Kraftlaget i samsvar med føremålet, dernest til ålmennyttige tiltak som kan koma partseigarane, og lokalsamfunnet i Austevoll kommune, til gode.

Tilråding:

Styret tilrår det ekstraordinære årsmøtet i Austevoll Kraftlag SA å gjere fylgjande vedtak:

Føremålsparagrafen til Austevoll Kraftlag SA vert endra slik den einstemmig vart vedteken på ordinært årsmøte 7. juni 2018.